



Ola Matti Mathisen var festkledd med slips i nasjonale fargar.

Den store flyttedagen er komen på Rosendalstunet. Brukarar frå Varaldsøy og Ølve skal overførast til Rosendal. Det same gjeld nokre brukarar som i dag har plass på Husnestunet. Ikkje minst er det ei stor flytting internt på heimen. Uskedalen.no fekk vera med på Open dag sist fredag. Ola Matti Mathisen er klar for flytting til nytt rom med panorama utsikt mot uskedalsfjella.



Ei gruppe frå Uskedalen på omvisning saman med institusjonsleiar Leif Kongestøl. F.v: Leif Kongestøl, Marta Bakke, Berit Myklebust, Gudrun Eidsvik, Reidar Myklebust og Jan Erik Olsson.

Det nye Rosendalstunet har 6 avdelingar med til saman 60 plassar. Det er 10 brukarar på kvar avdeling. 5 avdelingar vert tekne i bruk i denne omgang. Ein demensavdeling står på vent. På den opne dagen, der Ola Matti Mathisen var omvisar, fekk vi sjå ein topp moderne institusjon. Romma er store og romslege. Kvar avdeling har kjøkken og opphaldsrom. Det er fellesrom og ulike aktivitetsrom. Kapellet er nytt og kvar sekjson har tilrettelagd uteområde.

Tidlegare journalist og redaktør for Uskedalen.no, Ola Matti Mathisen, fortel at mykje minner han om å vera på ein flyplassterminal. Av alle flyplassar, han har vore på, er det Frankfurt han tenkjer spesielt på. Alt er stort og romsleg. Vi kjenner ikkje det nøyaktige talet brukarar frå Uskedalen, men det ligg rundt 10.

Alle avdelingane har lokale fjellnamn som Laurdal, Solfjell, Ingastøl, Fonnabu, Nonshaug og Breidablikk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ola Matti Mathisen på det nye rommet sitt. Her er det panoramutsikt mot Gurinefjæra og uskedalsfjella.